



Slik ligger feltet på begge sider av fylkesvegen. Det største feltet er ovanfor ve-gen.

På vegne av Stavangermannen Tor Arnt Puntervoll er det no starta detaljregulering av hyttefeltet Rødshagen i Uskedalen, som ligg på begge sider av fylkesvegen mellom Rød og Ljosnes. Reguleringsarbeidet er nyleg kunnngjort.

Byggadministrasjon Harald Bjørndal på Eikelandsosen har oppdraget og Harald Bjørndal opplysar til uskedalen.no at det ikkje er sett nokon bestemt frist for arbeidet sjølv om det er eit 30 år gammalt prosjekt.



Det aktuelle området nedanfor vegen ligg her

Puntervoll kjøpte i si tid det 13 mål store området av ein lokal grunneigar og planen var å byggje 10 bustader der. Men han skrinla den på grunn av kostnadane. No er området regulert for fritidsbustader og naust og Puntervoll håpar på byggjing av 4 hytter og 7 naust.

- Men om vi kan få plass til så mange kan eg ikkje seia i dag, seier Bjørndal. Eit nytt moment som har kome inn i biletet er mogleg rasfare, noko som framgår av NVE-kartet.

- Kan rasfare setta ein stoppar for prosjektet?
- Nei, men det kan bli aktuelt med bandleggjing slik at det vert eit sikringsområde for snøras ovanfor hyttefeltet, seier Bjørndal som førebels ikkje har fått nokon kommentarar til planen.

Fristen for uttale er sett til 5. mai

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Området ovanfor fylkesvegen med vegen til høyre